

NORSK HESTESENTER

Nøkkeltal om dei nasjonale hesterasane

RAPPORT FOR 2021



INNLEIING

Årsrapport for nasjonale hesterasar har vore skrive og utgiven av Norsk Hestesenter sidan 2018 og dette er den femte i rekka. Rapporten gir oversikt over status på forskjellige fokusområde frå handlingsplanen for bevaring og utvikling av dei nasjonale hesterasane 2021-2030. Målet med rapporten er å gi ein oppdatert tilstandsrapport for hesterasane og fungere som eit referansedokument for dei som arbeidar med og for desse rasane.

Statistikken som vert presentert i rapporten er i hovudsak basert på talgrunnlag frå Norsk Hestesenter.

Året 2021 vart eit meir normalt år for hestebransjen enn pandemiåret 2020. Likevel har aktiviteten vore påverka gjennom året i takt med kva restriksjonstiltak som var gjeldande på ulike tidspunkt. Året 2021 er derfor heller ikkje eit år som er direkte samanliknbart med tidlegare år, men heldigvis peikar pilene oppover både for aktivitet, deltaking på utstillingar og bedekningar for dei fleste rasane samanlikna med 2020.

God lesning!

Norsk Hestesenter
Lena, 10.04.2022

Cecilie G. Skaug
Direktør/rektor

Therese Selle
Fagrådgjevar, avl

Gunn Elisabeth Johansen
Vikar, avl

INNHOOLD

Populasjonsparametere avl	4
Tilgjengelige avlsdyr	4
Avlssesongen 2021	5
Hestar nytta i avl	5
Alder på avlsdyr	5
Innrapportering av bedekningsresultat	7
Fruktbarheit	8
Fødde føl 2021	11
Førekost av fargar	12
Innavl	15
Innrapportering frå hesteeigarar	16
Avlstiltak i rasene	17
Rasespesifikke tiltak	17
<i>Landslaget for Dølahest</i>	17
<i>Norges Fjordhestlag</i>	17
<i>Landslaget for nordlandshest/lyngshest</i>	17
<i>Det Norske Travelskap</i>	17
Norsk Hestesenter	18
Utstillingar	19
Sport og aktivitet	21
Skeid	21
Det Norske Travelskap	21
NM Brukshest	22
NM Fjordhest	22
Dølahestmesterskapet	22
Dølahestcupen	23
NM Nordlandshest/lyngshest	23
Veikle Balder Cup	23
Veikle Balder Allsidighetscup	23
Fokus Unghest	23
Finansiering av avlsarbeidet	24
Avls-/prosjektmidlar frå NHS	24
Andre tilskot	24
Vedlegg 1	25

POPULASJONSPARAMETER AVL

Dette kapitlet omhandlar potensiell avlspopulasjon for rasane, bruk av hingstar og hopper i førre sesong, samt langsiktige trendar i bedekningstal og følprosent.

I følge Norsk Hestesenter og Det Norske Travelskaps databasar er den totale populasjonsstørrelsen på om lag 3800 dølahestar, 5300 fjordhestar, 3000 nordlandshest/lyngshestar og 15300 kaldblodstravarar i Norge ved utgangen av mars 2022. Dette er total populasjonsstørrelse, definert som hestar fødd etter 31.12.1991, inkludert vallakar, og som ikkje er meldt døde til registeret. Talet

må ikkje forvekslast med tilgjengeleg avlspopulasjon som vert omtalt under.

TILGJENGELEGE AVLSDYR

Tilgjengelege avlsdyr (potensielt avlsmateriale) er her definert som alle registrerte hopper og ukastrerte hingstar fødd frå 2002–2021. Dei nasjonale rasane sin tilgjengelege avlspopulasjon er på om lag 2100 dølahestar, 2500 fjordhestar, 1500 nordlands-/lyngshestar og 8100 kaldblodstravarar (Tabell 1).

Tabell 1. Tal på og gjennomsnittsalder for levande hingstar og hopper fødd 2002-2021 for dei fire nasjonale hesterasane.

Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap

Rase	Hingstar	Snittalder	Hopper	Snittalder	Totalt
Dølahest	658	10,0	1447	10,2	2105
Fjordhest	837	9,3	1657	10,5	2494
Nordlandshest/lyngshest	507	8,0	996	9,9	1503
Kaldblodstravar	2324	7,4	5783	9,6	8107

Talet på hestar i kvar rase som faktisk bidreg i avlen, er derimot atskilleg lågare og er oppgitt i tabell 2. For dølahest er det 16,2 % av den tilgjengelege avlspopulasjonen som bidreg i avlen, medan dei respektive tala er 13,2 % for fjordhest, 13,6 % for nordlandshest/lyngshest og 8,6 % for

kaldblodstravar. Gjennomsnittsalder for levande hopper og hingstar fødd frå og med 2001 er 9,8 år for dølahest, 9,4 år for fjordhest, 10,0 år for nordlandshest/lyngshest og 8,9 år for kaldblodstravar.

AVLSSESONGEN 2021

HESTAR NYTTA I AVL

Tabell 2 syner talet på hingstar som vart nytta i avlsseasonen 2021, talet på bedekte hopper og tal på bedekningar totalt. Avvik mellom tal på bedekte hopper og tal på bedekningar totalt kjem av at ei hoppe kan være bedekka

eller inseminert med fleire hingstar. Dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest vedlikeheld sine bedekkings-tal eller aukar svakt, medan kaldblodstravaren har ein solid nedgang frå året før med 150 færre bedekte hopper. Meir langsiktige trendar kan lesast i figur 4-7.

Tabell 2. Tal på bedekningar for dei nasjonale hesterasane sesongen 2021, tal tilgjengelege hingstar i parentes (henta frå hingstekatalogane). Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap

Rase	Hingstar	Bedekte hopper	Bedekningar
Dølahest	50 (69)	291	316
Fjordhest	34 (41)	294	300
Nordlandshest/lyngshest	38 (55)	167	167
Kaldblodstravar	53 (104)	648	704

Alle rasane har avlsgodkjende hingstar som ikkje vert nytta. Dette kan være med på å føra til tap av genetisk variasjon. Kaldblodstravar er den rasen som brukar den minste andelen av sitt tilgjengelege avlsmateriale.


ALDER PÅ AVLSDYR

Gjennomsnittsalderen på hingstar brukt i avlen har i år gått opp for alle rasar samanlikna med året før (Figur 1). Fjordhest har den største oppgangen i snittalder, den aukar med heile to år. Men snittalderen er likevel lågare enn den var i 2019. For hoppene har ikkje snittalderen endra seg noko nemneverdig, og trenden med relativt høg snittalder på hoppene er lik i alle fire rasar. Gjennomsnittsalderen er noko lågare på hingstane enn hoppene for alle rasane bortsett frå hjå kaldblodstravaren (Figur 1). I tabell 3 kan ein sjå korleis aldersfordelinga er hjå dei dyra som har verka i avlen i sesongen 2021. Alderen på hoppene strekker seg frå 3 år til 24-25 år på alle fire rasar. Den eldste hingsten som går i avl er ein kaldblodstravar på 26 år, dei øvrige rasane har eldste brukte hingst på mellom 19 og 21 år.



Dølahingsten Gjerde Prinsen (f. 2017) hadde sin første avlsseason i Sikkilsdalen sommeren 2021.

Figur 1. Gjennomsnittsalder for henholdsvis hingstar og hopper brukt i avl i sesongen 2021, samanlikna med sesongen 2020, fordelt på rase og kjønn. Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap



Tabell 3. Aldersfordeling på hestar brukt i avl, fordelt på rase og kjønn. Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap

	Dølahest		Fjordhest		Nordlandshest/lyngshest		Kaldblodstravar	
	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper
3-4 år	13	44	10	47	14	34	1	18
5-9 år	19	95	10	75	13	31	14	198
10 år +	18	152	14	172	11	102	38	432
Sum	50	291	34	294	38	167	53	648


Når det gjeld bruken av unge hingstar i avlen, så er det ein nedgang for alle rasar unntatt hjå nordlandshest/lyngshest som har ein oppgang på 1,2 % samanlikna med året 2020. På hoppesida er det ein auke i bruken av

hopper fem år og yngre for både dølahest og fjordhest, nordlandshest/lyngshest går ned 5 %, medan delen unge kaldblodshopper i avl er lik med sesongen 2020. Tal frå sesongen 2021 kan lesast i Figur 2.

” Innrapportering av resultat av bedekning var i år på 98 % for dølahest og 99 % for dei tre andre rasane.

Figur 2. Bruken av unge dyr i avl 2021.

Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap




Nordlandshest/lyngshingsten Eigard (f.2016) ble registrert med to avkom i 2021. 2020 var hingstens første avlssesong. Foto: Gudrun Bøhler

INNRAPPORTERING AV BEDEKNINGSRESULTAT

Norsk Hestesenter er avhengig av innrapportering frå hesteeigarar for å ha pålitelege data. Særskilt viktig er data om resultat av bedekningar då talgrunnlaget vert nytta til å overvaka utviklinga i rasane med omsyn til fruktbarheit, blant anna. Innrapportering av resultat av bedekning var i år på 98 % for dølahest og 99 % for dei tre andre rasane (Figur 3). Det at det er så god innrapportering i år er eit resultat av stort fokus på dette gjennom årets siste månader. Raseorganisasjonane har bidrege til å dele informasjon om bedekningar som mangla resultat, løysinga der hoppeeigarar kan registrere sjølve har vore marknadsført og Norsk Hestesenter har drive informasjonsarbeid rundt viktigheita av å rapportere. Me har òg fått forbetra eigne rutinar rundt oppdatering av desse data.

Figur 3. Utvikling i dei innrapporterte resultat av bedekningar siste fem år for dei nasjonale hesterasane fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter.



FRUKTBARHEIT

Følprosent er definert som tal fødte føl av tal på bedekningar året før og kan nyttast som eit mål på fruktbarheit i

ein populasjon. I tabell 4 er detaljar for bedekningsresultat frå sesongen 2020 presentert.

Tabell 4. Detaljert oversikt over resultat av bedekningar i 2020 for dølahest (D), fjordhest (F) nordlandshest/lyngshest (N/L) og kaldblodstravar (K). Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap


Rase	Hoppa døydde*	Manglar info.	Dødfødd føll	Følet døydde	Kasta	Kasta tvillingar	Resorbert	Tom	Levande føl
D	3	6	2	6	21	1	6	85	156
F	4	2	4	2	13	1	8	74	189
N/L	2	1	2	1	10	0	3	34	118
K	29	10	17	6	45	0	19	161	536

*Hoppa døydde indikerar at hoppa har vorte avliva/døydde etter bedekkingstidspunktet, med ukjent drektigheitsstatus


Basert på innrapporterte tal har dølahest ein følprosent på 55 % (Figur 4), noko som er ein liten nedgang frå året før. Fjordhest har ein følprosent på 68 % (Figur 5) og aukar dermed med 8 % frå året før. Nordlandshest/lyngshest har

ein liten nedgang i følprosent dette året, til 71 % (Figur 6), men er fortsatt den rasen som har høgast følprosent. Kaldblodstravar har ein følprosent på 62 % i sesongen 2021 (Figur 7), noko som er på same nivå som tidlegare år.


Figur 4. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og korresponderande følprosent siste 20 år for dølahest. Kjelde: Norsk Hestesenter




Figur 5. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og korresponderande følprosent siste 20 år for fjordhest. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 6. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og korresponderande følprosent siste 20 år for Nordlandshest/Lyngshest. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 7. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og korresponderande følprosent siste 20 år for kaldblodstravar. Kjelde: Det Norske Travselskap.



Drektigheitsprosent er eit mykje brukt mål på fruktbarheit i andre dyreartar. Metoden forutset at dyret vert drektigheitsundersøkt ved ultralyd. Dette er brukt i varierende grad på dei nasjonale rasane. Derfor veit me ikkje med sikkerheit kor mange som vert drektige, eller som resorberer fosteret tidleg i drektigheita eksempelvis. Eit grovt anslag på drektigheitsprosent kan likevel gjerast ved å legge saman alle resultat som indikerer at hoppa har vore drektig (Tabell 4), og dele på totalen unntatt der hoppa døde eller informasjon manglar. Ved å gjere dette så får ein drektigheitsprosent på 68,8 % på dølahest, 74,6 % for fjordhest, 79,8 % på nordlandshest/lyngshest og 75,9 % på kaldblodstravar. Merk at ved bruk av denne metoden vil mange ukjende resultat gi eit falskt positivt utslag på drektigheitsprosenten. Når innrapporteringa er god, som i år, gir dette mykje sikrere tal enn om andelen manglande resultat er høg. Om ein samanliknar desse tala med fjorårets tal så har drektigheitsprosenten gått


opp for alle rasar unntatt dølahesten. Men dølahesten var òg den rasen som hadde flest ukjende resultat i fjor (Norsk Hestesenter, 2021) og som dermed fekk eit falskt positivt utslag det året.

FØDDE FØL 2021


Fylkesvis oversikt

Det foregår avl av nasjonale rasar i alle landets fylker, men det er skilnad frå rase til rase kva fylke som har størst andel av avlen. To tredjedelar av alle fødte dølahestar i 2021 er oppdretta i Innlandet eller Viken fylke (Figur 8). Hå fjordhesten står Vestland og Møre og Romsdal for nær halvparten av dei fødte føla, deretter kjem Viken fylke (Figur 9). For nordlandshest/lyngshest står dei to nordlegaste fylka for 45 % av dei fødte føla i 2021 (Figur 10). Viken, Innlandet og Trøndelag fylke har til saman nær 60 % av dei fødte kaldblodstravarane i 2021 (Figur 11).


Figur 8. Fylkesoversikt over fødte føl 2021 – Dølahest




Figur 9. Fylkesoversikt over fødte føl 2021 – Fjordhest



Figur 10. Fylkesoversikt over fødte føl 2021 - Nordlandshest/lyngshest



Figur 11. Fylkesoversikt over fødte føl 2021- Kaldblodstravar




FØREKOMST AV FARGAR

Mange er opptatt av fargar på hest. Fleire raseorganisasjonar er også opptekne av å bevare fargevariasjonar i rasen. Fargar vert også overvaka fordi nokre av dei har vist seg å ha felles nedarving med spesifikke sjukdomar, slik som er tilfellet med sølvgenet og augesjukdom hjå nordlandshest/lyngshest. Hestar med dobbel dose av sølvgenet vil ha stor risiko for å utvikle alvorlege augelidingar. Derfor


bør ein unngå å pare to individ som begge er berar av dette genet. Då røde individ kan være skjulte berarar av genet, bør ein heller ikkje para røde individ med ukjent sølvstatus med berarar av sølvgenet. I figurane som følgjer under kan ein sjå kva fargar føl av rasane dølahest (Figur 12), fjordhest (Figur 13), nordlandshest/lyngshest (Figur 14) og kaldblodstravar (Figur 15) fødd 2021 er registrert med.

Figur 12. Fargar på dølahestar fødd 2021






Figur 13. Fargar på fjordhestar fødd 2021




Øverst fra venstre: Starums Evander (rød dølahest), Starums Lunalill (brun dølahest), Ljone Gneis og Ljone Oker, (grå fjordhest og brunblakk fjordhest, fotograf: Jenny W. Johnsen) og Tirilsvarta (svart dølahest) sammen med sin mor, Tirilborka.

Figur 14. Fargar på nordlandshest/lyngshestar fødd 2021



Figur 15. Fargar på kaldblodstravarar fødd 2021




INNAVL

Overvaking av innavlssituasjonen er svært viktig i små populasjonar. Om ein skal ha moglegheit til å setja i verk tiltak ved behov er kontinuerleg overvaking nødvendig. Innavlssutviklinga gir oss òg eit bilete på om avlsstrategiar og -politikk for å unngå innavl i rasane har ønska effekt. Innavlsgard er den enkelte hest sin innavlsgard og er eit mål som i seg sjølv ikkje gir mykje informasjon om populasjonen sin innavlssituasjon. Det som er viktig er

endringa i gjennomsnittleg innavlsgard per år eller generasjon. Utvikling i gjennomsnittleg innavlsgard per år for dei nasjonale hesterasane dei siste 50 åra er presentert i figur 16. I 2021 er gjennomsnittleg innavlsgard for fødte dølæhestar 12,88, for fjordhest er gjennomsnittet på 8,21, for nordlandshest/lyngshest 12,71 og for kaldblodstravar 8,69 (Figur 16).

Figur 16. Utvikling i innavlsgard siste 50 år for dølæhest, fjordhest, nordlandshest/lyngshest og kaldblodstravar fordelt på årgang. Kjelde: Norsk Hestesenter



I figur 16 kan ein sjå at dølæhest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest visar tendensar til å ha stabilisert sin innavlssituasjon. Dette har vore eit sterkt fokus i avlsarbeidet dei siste åra og det ser ut til å ha hatt positiv effekt. Kaldblodstravaren har hatt ein auke i sin gjennomsnittlege innavlsgard over fleire år, og den stig også i 2021.


Dette til tross for at det har vorte sett i verk økonomiske incentiv til oppdrettarar som unngår paring mellom nært beslekta individ. Situasjonen må overvakast nøye og endå fleire tiltak bør setjast i verk dersom utviklinga fortset å gå i same retning.

INNRAPPORTERING FRÅ HESTEEIGARAR

For å ha så god oversikt som mogleg over populasjonane har Norsk Hestesenter dei siste åra hatt økt fokus på innrapportering av døde og kastrerte hestar. Figur 17 syner utvikling i innrapporterte døde hestar dei siste fem åra. Kaldblodstravaren er inkludert her, sjølv om det ikkje er Norsk Hestesenter som tek imot desse innrapporteringane. Me ser at tre av fire rasar har hatt ein auke i innrapporterte døde. Fjordhesten går noko ned i år samanlikna

med 2020. Kaldblodstravaren har hatt eit jamt tal på registrerte døde dei siste fire åra. Frå og med 2022 vil alle hestar over 35 år automatisk registrerast som døde. Dette vert gjort for å redusere mengda feil i databasen. Det kan føre til at nokre hestar vert feilaktig registrert døde, men den feilmarginen vert vurdert til å vera betrakteleg mindre enn om dei vert ståande som levande med mindre dei vert registrert døde.


Figur 17. Tal hestar innrapportert som døde per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap



Når det gjeld innrapportering av kastrerte hingstar kan ein av Figur 18 sjå at innrapportering av kastrerte kaldblodstravarar har vore ganske jamn dei siste åra, medan dei andre nasjonale rasane i større grad viser svingingar

når det gjeld dette. Det kan gjenspeile naturlege svingingar, eller det kan ha samanheng med at det er varierende fokus på dette i organisasjonane gjennom ulike år.

Figur 18. Tal hestar innrapportert som kastrerte per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



AVLSTILTAK I RASANE

RASESPESIFIKKE TILTAK

Dei nasjonale rasane vart, i likskap med andre hesterasar, kraftig påverka av finanskrisa for 10 år sidan. Då covid-19 pandemien slo inn over Norge for fullt ynskte avlsorganisasjonane denne gongen å være tidleg på banen for å freista motverke eventuelle fall i bedekningstal og forventede økonomiske konsekvensar som følgje av pandemien. Om dette har hatt direkte effekt eller ikkje er vanskeleg å måle, men det som visar er at bedekningstala har vorte oppretthaldne for tre av fire rasar gjennom begge pandemiåra.

Avlsorganisasjonane innførte eller vidareførte følgjande avlsstimulerande tiltak i sesongen 2021.

Landslaget for Dølahest

- Hingsteeigarar fekk refundert innmeldingsavgift for hingstar til første gangskåring. Det same gjaldt også 2-års hingstar. [Vidareført]
- Støtte til lokallag som holdt hingst og bedekte minimum 5 hopper. Fullt bidrag om alle kombinasjonar var under 16,1 i innavlsgrad, halvt bidrag om ikkje alle kombinasjonar var under 16,1. [Vidareført]
- Tilskot til premierte hopper som er bedekt og konstatert drektig med førstegangskåra hingst og kombinasjonen ikkje overstig 14,0 i forventet innavlsgrad. [Vidareført]

Norges Fjordhestlag

- Midlar til leige av 3-, 4- og 5-årshingst
Lag tilslutta Norges Fjordhestlag og semin ved Norsk Fjordhestsenter vert oppmoda om å søkje støtte til leige eller kjøp av 3-, 4- og 5-årshingst. Søknad vert vurdert ut frå ei geografisk plassering for desentralisert fjordhestavl, avlsmessig breidde og bruk. Søknaden må vere grunngjeven. 9 lagshingstar fekk tilskot i 2021. [Vidareført]
- Midlar til 3-, 4- og 5-årshopper
Etter søknad vert det gjeve tilskot til bedekning av 3, 4 og 5 år gamle premierte hopper. 21 hopper fekk tilskot på 1500,- kvar.
- Midlar til hopper med lang avstand til hingst
Det er høve til å søke om stønad til dekking av utgifter ved sending av sæd frå Norsk Fjordhestsenter til hopper i Nordland og Troms og Finnmark. Det er og høve å søkje om stønad til transport av hopper med lang avstand til hingst og med over 500 km frå seminastasjonen til Norsk Fjordhestsenter. 8 hopper fekk kr 2500,- kvar i transportstønad i 2021. [Vidareført]

Landslaget for nordlandshest/lyngshest

- Gratis annonsering i hingstekatalogen for alle avlsgodkjente hingstar. [Vidareført]
- Tilskot til hingstehaldarar som viste hingst på kåring.
- Bedekningstilskot etter søknad for alle bedekte hopper, på kr 1000. [Vidareført]
- Hoppeprosjektet vart endra slik at alle hopper som oppfylte krava i prosjektet vart tildelt eit tilskot på kr 2000. Føresetnaden for å få tildelt tilskot var at hoppa ikkje kunne ha fleire enn to registrerte avkom frå før, hoppa kunne ikkje være mor til kåra avlshingst og kombinasjonen med hingst kunne ikkje gi høgare innavlsgrad for avkom enn snittet for populasjonen på 12,5. [Endra]
- Oppdrettarar som registrerte fleire enn to føl i 2020 fekk dekka registreringsavgifta. [Endra]
- Oppdrettarar som bedekka to eller fleire hopper i 2020 får registrert samtlege føl gratis i 2021. [Nytt av året]
- Ei ordning der hoppeeigarar registrerte hopper som var tilgjengelege for bestillingsføl og det vart formidla kontakt med potensielle kjøparar av føl. [Nytt av året]
- Transportstøtte til avlshingstar som vart frakta minimum 500 km kvar veg, som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom frå før og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført]
- Hamningstilskot til hingstar som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført]

Til saman fordelte dei ulike tilskota seg slik:

Transporttilskot: kr 6048

Hamningstilskot: kr 32 000

Bedekningstilskot: kr 92 000

Registreringstilskot: kr 19 035

Utstillingstilskot: kr 56 000

Det Norske Travelskap

Har den siste tida satt stor fokus på innavl og innavlsreducerande tiltak. Dei går så langt som å seie at problematikken knytt til innavlsutviklinga er hovedelementet i avlsplanen for kaldblodstravarar. Dei har hatt dette tiltaket i verknad i 2021:

- Norskfødde kaldblodsføl som vert registrert som levande fødd i DNT i 2021 som resultat av paringar der foreldre ikkje har felles besteforeldre (ikkje tettare paring enn 3+4 eller 4+3), gir kroner 3000 i tilskot til oppdrettar, i tillegg til bedekningstilskotet. [Vidareført]

Dette summerte seg til 328 føl i 2021 og det vart dermed utbetalt heile 984 000,- i tilskot i 2021.



I løpet av 2021 hadde EvA på nett over 4500 unike brukarar og desse hadde til saman over 13 000 sesjonar på nettsida.


NORSK HESTESENTER

Unge hopper i avl¹

I eit forsøk på å få fleire unge hopper inn i avlen sette Norsk Hestesenter i 2018 i gang eit tre-årig prosjekt som gav redusert pris på registrering av føl etter hopper som vert bedekt som treåringar. Prosjektet omfatta dei tre nasjonale rasane som NHS fører register for. Norsk

Hestesenter er ikkje åleine om å ha fokus på å få dei unge hoppene i avl så det er vanskeleg å måle kva tiltak som har hatt størst effekt. Figur 19 syner uansett at det har vore ein auke i andelen bedekte 3 år gamle hopper i prosjektperioden.

Figur 19. Bedekte treårshopper av tilgjengelege i årgangen, fordelt på årgang og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter.



Testparing på nett

Etter lanseringa av innavlsverktøyet EvA på nett² i 2019 har hesteeigarar moglegheit til å undersøkje kva innavlsgraden for planlagde avkom vert. På den måten kan dei aktivt ta del i og bidra til at avlspolitikken i sin respektive rase vert overhaldt. I løpet av 2021 hadde EvA på nett over 4500 unike brukarar og desse hadde til saman over 13 000 sesjonar på nettsida.

1. <https://www.nhest.no/unge-hopper-i-avl.6214149-467706.html>

2. <https://sportords.rikstoto.no/ords/?p=135:1:11427201189054:::>

UTSTILLINGAR

Avlsgodkjenning av hingstar

I likheit med den føregåande sesongen vart også 2021 prega av restriksjonar knytt til covid-19. Alle dei nasjonale rasane fekk riktig nok avvikla ei fysisk utstilling for hingstar, men også i år med ein del tilpassingar. Under er det beskrive korleis dei ulike rasane løyste dette i 2021.

Dølahest

Landslaget for Dølahest gjennomførte utvida bruksprøve i to puljer, ei pulje for dei som skulle vore til utvida bruksprøve i 2020 og ei pulje for dei som vart godkjende i 2020. Vidare heldt dei ordinær kåring for ukåra hingstar. Hingstane vart undersøkt av veterinær på førehand av kåringa, men gjennomførte elles alle element på utstillingsplassen. Det vart ikkje avholdt klasse 1 på årets hingstoutstilling for dølahest. Det var totalt vist 31 hingstar på kåringa, 18 av desse vart kåra/premiert.

Fjordhest

Norges Fjordhestlag gjennomførte på same måte som dølahesten utvida bruksprøve i to puljer fordelt på årgang. Bruksprøven var noko tilpassa for anledninga, det vart blant anna ikkje nytta fremmedryttar/kusk slik det plar gjerast.

Det vart også vist hingstar i både klasse 1 og klasse 3. Alle

hingstane måtte gjennomføre ei helseundersøking, utført av lokal veterinær. Utstillingsveterinær på Nordfjordeid og leiar i kåringsnemda vurderte deretter helseattestane for å sikre at hingstane som vert satt i avl oppfyller krava i avlsplanen for helse, haldbarheit, avteikn og diskvalifiserande lidningar. Dei ukåra hingstane sendte inn sin bruksprøve digitalt på førehand og vart berre eksteriørvurdert på sjølve utstillinga. Det var meldt 48 hingstar totalt på utstilling i 2021 og 20 av desse vart kåra/premiert. I tillegg vart ytterlegare to hingstar i klasse 2UB premiert på ekstraordinær kåring i etterkant. Dette vart gjort for å unngå å ta med seg etterslep inn i fleire sesongar.

Nordlandshest/lyngshest

Landslaget for nordlandshest/lyngshest haldt tre kåringar for hingstar i 2021. Hingstane vart undersøkt av lokal veterinær på førehand, elles vart alle element gjennomført på utstillingsplassen som ved eit ordinært år. Totalt vart det vist 31 hingstar, 26 av desse vart kåra/premiert.

Kaldblodstravar

Det Norske Travelskap gjennomførte si kåring av kaldblodstravarar i ordinær form på Biri Travbane i oktober 2021. Her var det meldt 13 hingstar og 8 av desse vart kåra.



Tangen Bork under kaldblodskåringa på Biri oktober 2021. Vilde Finsådal mønstret hingsten.

Hoppe, vallak og unghest


Sesongen 2021 vart noko mindre avkorta enn 2020 når det gjeld hoppe, vallak og unghestutstillingar. Likevel vart fire utstillingar vart avlyst, noko som gjer at tala ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare år.

Det vart vist totalt 347 unghestar av nasjonal rase (Figur 20), kor fjordhesten var sterkast representert med 152

individ vist. Alle rasane visar ein auke i viste unghestar samanlikna med 2020, der svært mange utstillingar vart avlyst. Med unntak av fjordhesten ligg tala likevel ein god del under førre normalår, særskilt for dølahest og kaldblodstravar.


Det vart vist 131 vaksne hopper av nasjonal rase (Figur 21) og 20 vallakar i 2021.

Figur 20. Tal unghestar vist på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



* Mange utstillingar vart avlyst grunna covid-19. ** Fire store utstillingar vart avlyst.

Figur 21. Tal vaksne hopper vist på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



* Mange utstillingar vart avlyst grunna covid-19. ** Fire store utstillingar vart avlyst.

SPORT OG AKTIVITET

Ein fullstendig oversikt over sport og aktivitet er dessverre ikkje mogleg, då ein felles database for desse data ikkje eksisterer. I tillegg inneheldt ikkje alle databasane informasjon om rase, slik at den statistikk som kan utarbeidast ikkje fangar opp alt. Kartlegging av slike data og etablering av register som inneheld desse opplysningane er eit av tiltaka som inngår i den nye handlingsplanen for bevaring og utvikling av de nasjonale hesterasar 2021-2030. På sikt kan forhåpentlegvis dermed grundig statistikk på dette området presenterast. Vidare er det presentert eit utval av data rundt sport og aktivitet der hestar av nasjonal rase deltek.

SKEID

Sekretariatet for Skeid var i 2021 lokalisert på Norsk Hestesenter. Det var planlagt fleire Skeid i 2021, blant annet skulle NM arrangerast på Norsk Hestesenter. Dessverre vart dette avlyst grunna for få deltakarar. Andre planlagde Skeid måtte også avlysast grunna Covid-19.

DET NORSKE TRAVSELSKAP

Det Norske Travselskap (DNT) arrangerer travløp for varm- og kaldblodstravar, samt løp for ponnier (ponnitrav). Løpsstatistikk og informasjon om sport for kaldblodstraver finnes på DNT sine nettsider³.

Nordlandshest/lyngshest

I 2021 har 14 nordlandshest/lyngshest vore til start på norske travbanar i regi av DNT.

Blant dei startande er det to hingstar, ei hoppe og elleve vallakar. Hestane har ein snittalder på 10 år, og har starta frå 5 til 118 gongar i sin karriere. Dette gir eit snitt på 46,5 startar per hest i karrieren. Utvikling i tal på startande N/L- hestar i kategori C (den største kategorien for rasen) er vist i figur 22. Det var ein jamn auke i antal startande nordlands/lyngshestar fram til 2020, men det siste året vart antalet startande halvert.


Fjordhest

Ingen startande fjordhestar i ponnitrav i 2021.



Nordlandshest/lyngshesten Starums Lava og Mari Olsby Bratberg under en konkurranse i brukshestridning vinteren 2021.

Figur 22. Startande n/l-hestar i ponnitrav fordelt på år.



3. www.travsport.no

NM BRUKSHEST

NM i brukshest arrangeres av Foreningen Arbeidshesten hvor det utnevnes mestere i fire ulike grener; skogshest, bruksridning, brukskjøring og pløying. I 2021 ble det i tillegg konkurrert i brukskjøring i par (ikke NM-gren). Brukskjøring hadde totalt 19 startende ekipasjer hvorav to var junior. Bruksridning hadde totalt 21 startende ekipasjer hvorav to var junior. I skogshest startet elleve ekipasjer, og i pløying med hest startet to dølahester og en fjordhest (arbeidshesten.com).


NM FJORDHEST

Fjordhest-NM 2021 ble arrangert på Linnesvollen i Drammen. Her deltok 72 hester og totalt 83 ekipasjer (Nryfstevne.no).


DØLAHESTMESTERSKAPET

Dølahestmesterskapet 2021 ble avholdt på Tune Ride-senter. Det var 40 hester totalt som deltok i mesterskapet fordelt på 48 ekipasjer og hele 256 enkeltstarter. Gjennomsnittsalderen for hestene som deltok var ni år, og som en kan se av figur 24 er det flest hingster og vallaker som deltok (Nryfstevne/Landslaget for dølahest). Mesterskapet ble avlyst i 2020, derfor mangler det tall for det året.

Figur 23. Oversikt over talet på startende i NM Brukshest fordelt på rase og gren.



Figur 24. Oversikt over antal startende i dølahestmesterskapet fordelt på kjønn og år.



DØLAHESTCUPEN

Dølahestcupen hadde 19 startende ekipasjer i 2021. Gjennomsnittet for antall startende siste fire år ligger på 21 med 2020 som et toppår hvor hele 26 ekipasjer stilte til start (Landslaget for dølahest).

NM NORDLANDSHEST/LYNGSHEST

NM for nordlandshest/lyngshest ble i 2021 avholdt ved Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest i Målselv. Her deltok 15 hester og totalt 17 ekipasjer fordelt på grenene dressur, sprang og kjøring (Nryfstevne.no).

VEIKLE BALDER CUP

DNT arrangerer, i samarbeid med Veikle Balder, en løps-serie for 4-årige kaldblodshester, som starter på våren og avsluttes i oktober. Det ble avholdt åtte kvalifiseringsløp i serien før de beste møttes i finaler på Biri i oktober. Totalt deltok 49 kaldblods fordelt på 27 hopper og 22 hingster/vallaker i cupen (veiklebalder.no).

VEIKLE BALDER ALLSIDIGHETSCUP

Allsidighetscupen foregår over hele året med start 1. januar og avsluttes 31. desember. Poeng samles ved å starte på organiserte stevner i regi av bl.a. Norges Rytterforbund, og det kan samles poeng i hele ni grener; Dressur, sprang, kjøring, feltritt, distanse, mounted games, voltige, westerngrener og arbeidshest-grener. All deltagelse gir poeng. Det gis tilleggspoeng for hester som er aktive i travsporten inneværende år, premiebonus for de som plasserer seg som nr. 1, 2 eller 3. og allsidighetsbonus der man får økende antall poeng etter antall grener man deltar i (veiklebalder.no).

FOKUS UNGHEST

Fokus unghest er et prosjekt som så dagens lys i 2008, og er et samarbeid mellom de tre raseorganisasjonene for dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Fokus unghest vil bidra til økt kompetanse hos unghest eiere, ved å gjøre faglig informasjon lett tilgjengelig, tilby tilrettelagte kurs og seminarer, stimulere til gode samarbeidsmiljøer og ikke minst oppmuntre til en aktiv tilværelse med sunne unghester. Tabell 5 viser oversikt over aktivitet siste to år og utbetalt tilskudd.



Fjordhesten Lunner Idar og Julie Myrsveen har deltatt på flere dressurstevner i 2021. Foto: Maren Tranget Antonsen

Tabell 5. Oversikt over aktivitet i Fokus Unghest 2021. Kilde: Fokus Unghest

	Utbetalt tilskudd		Antall kurs		Antall lag	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Samla	137 500	106 500	32	27	12	16
Dølahest	31 500	35 000	8	10	3	5
Fjordhest	30 000	35 000	7	7	4	7
Nordlandshest/lyngshest	71 500	34 000	15	9	3	3
Samarbeid	4 500	2 500	2	1	2	1

FINANSIERING AV AVLSARBEIDET

Her gir me ei kort oversikt over finansiering av avlsarbeidet frå Norsk Hestesenter, samt midlar som kan søkjast over jordbruksoppgeret.

AVLS-/PROSJEKTMIDLAR FRÅ NORSK HESTESENTER

Norsk Hestesenter finansierer fleire avlstiltak og prosjekt i dei enkelte avlsorganisasjonane for alle rasar som dei har ansvar for.

Frå og med tildeling i 2020 vart retningslinjene for tildeling av midlar til avlstiltak vedtatt endra. Fram til 2019 var det slik at organisasjonane kunne søkja om midlar til konkrete prosjekt, men frå og med 2020 vart organisasjonane tildelt ein fast sum utan søknad. Dette er under føresetnad om at bruk av midlane vart rapportert i samsvar med gitte retningslinjer. Landslaget for Dølahest, Norges Fjordhestlag, og Landslaget for nordlandshest/lyngshest vart tildelt 200 000 årleg, medan Det Norske Travselskap vart tildelt 100 000 kr. Overskytande midlar etter fast tildeling er gjort vart tilgjengeleg som midlar organisasjonane kan søkja om til spesifikke prosjekt.

For 2021 var totalramma på desse midlane sett til 950 000 kr. Det vart totalt tildelt 870 000 til dei nasjonale rasane i 2021 (Vedlegg 1). Vedlegget gir ei meir detaljert oversikt over tildelinga av midlar. Merk at dette ikkje gir ei fullstendig oversikt over alle tiltak i rasane då ein del av desse er eigenfinansiert og for enkelte tiltak kan det være overført midlar frå tidlegare år.

Fokus Unghest

I 2019 vart det vedtatt at Fokus Unghest skulle finansierast som eit spleiselag mellom avlsorganisasjonane og dei nasjonale sentra. Dette inneber at 50 000 kroner av midlane

som vert utbetalt til avlsorganisasjonen skal gå direkte til drift av fokus unghest. Dei tre nasjonale hestesentra Norsk Fjordhestsenter, Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest og Norsk Hestesenter skal bidra med ytterlegare 50 000 kvar. Det senteret som til ei kvar tid innehar sekretariatfunksjonen skal bidra med arbeidsinnsats i staden for reine midlar. Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest innehar for tida denne funksjonen. Med denne ordninga har Fokus Unghest eit minimumsbudsjett på kr 250 000 årleg.

Subsidiering av hestepass

Norsk Hestesenter bidrar direkte til den enkelte oppdrettar gjennom subsidiering av registrering og utferding av pass for dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Ordinær pris for hestepass var i 2019 kr 1505 medan oppdrettarar av desse rasane som registrerer hesten innan frist satt i Forskrift om identifikasjon av dyr av hestefamilien⁴, betalte kr 1200.

ANDRE TILSKOT

Eigarar av unghestar av rasane dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest kan søkja midlar over jordbruksoppgeret⁵. Sjå tabell 6 for oversikt.

4. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-04-28-631>

5. https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2732005/NIBIO_RAPPORT_2021_7_42.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Tabell 6. Tal på unghestar og produsentar med unghest i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase 2017-2021. Tilskotsordninga vart etablert i 2017 og hesterasar som er berettigga tilskot er fjordhest, dølahest og nordlandshest/lyngshest.

Kjelde: Produksjonstilskuddsordninga, Landbruksdirektoratet

	2017	2018	2019	2020	2021
Antall unghester registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	501	563	646	684	715
Antall produsentar med unghest registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	268	310	349	348	345
Prosentvis endring mellom år i antall unghester i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase		11%	13%	6%	5%

VEDLEGG 1

Tabell 7. Utbetalte midlar til avlsorganisasjonane for dei nasjonale rasane frå NHS i 2021. Område er knytt til område i handlingsplan for nasjonale hesterasar. Kjelde: Norsk Hestesenter

Prosjekt/tiltak	Område	Beløp i kr
Prosjekt	Bevaring av genetisk variasjon	120 000 ⁶
Totalt fellesprosjekt		150 000*
Landslaget for Dølahest		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
Dølahest totalt		200 000
Norges Fjordhestlag		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
Fjordhest totalt		200 000
Landslaget for nordlandshest/lyngshest		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
Nordlandshest/lyngshest totalt		200 000
Det Norske Travelskap		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	100 000
DNT Totalt		100 000
Fokus Unghest sekretariat frå NHS	Utdanning	50 000
Totalt tildelte midlar for 2021		870 000
<i>Overført frå tidlegare år</i>		
*Skeid	Aktivitet og bruk	30 000 ⁷

6. Midlane vart likt fordelt mellom LD, NFL og LNLH

7. Øyremerka felles samling for dommarar og arrangørar, overført frå 2020



Dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest slippes på beite sammen på Norsk Hestesenter.



